



### Route and places of interest

Terrain: Gravel roads, easy walking, suitable for the elderly and families with small children.

Time: 1+ - 2 hours

Leave your car in the car park at Ådland Church (1). Walk past the graveyard and then take the farm road past the cultivated fields down to the sea. Take the left fork and carry on along the path until you come to a signpost marked Kvernes. Turn right to Kvernes and after a while you pass a farmhouse on the right. Carry on along the path until you come to a new path on the left, leading down to Flesjane (2). Flesjane, about 700 metres further on offers excellent swimming and benches from which to enjoy the view.

If you take the main footpath further on you will come to a protected deciduous wood and a dense, ancient pine forest before arriving at Kvernesvatnet (3). Take a short walk to the lake for a swim or just rest on the carved wooden benches. If you feel like fishing, go ahead - you don't need a license.

About 4 - 500 metres further down the main footpath the path splits. The left fork leads to Hellaustet (4) after about 500 metres while the right fork leads to Skutevika (5).

The road to Hellaustet was the first public road built in Samnanger. It was called «Priest's Road» and went from Hellaustet to the Ådland Church and was constructed to ensure that the vicar had safe passage when the ice on the fjord was unsafe.

The main route for the walk to Kvernes follows Priest's Road most of the way. The name Hellaustet is derived from the old «naust» - boathouse - that has been here for centuries. You can still see the remains of the old boathouse. Just above Hellaustet there is a bench where you can enjoy the fine views of Samnangerfjord and towards Gaupholm and Tysse on the far side.

If you take the path to Skuevika (5), you will find an excellent bathing site. Steatite was mined here in the old days. There is also an old cotter's farm here, and the remains can still be seen. There are a number of large Steatite blocks in the bay ready for shipping... they were left here at the turn of the century.

Take the same route back to Ådland Church.



Samnanger

### Rute og ymse av interesse

Terrang: Grusvegar, stiar. Lett terreng. Høveleg og for eldre og for familiar med små born.

Tid: 1 1/2 - 2 timar

Start er ved Ådland kyrkje (1) der det er parkering. Vi går langs gravplassen og følg gardsvegen forbi dyrka mark ned til sjøen. Vegen deler seg og vi går til venstre og følg vegen vidare langs sjøen til vi kjem til skilt merka Kvernes. Følg skiltet og gå til høgre.

Etter ei stund kjem vi til eit gardhus, som vi passerar på høgre sida. Deretter på stien i litt stigning til ein sidesti ned til Flesjane



(2). Det er om lag 700 meter ned til Flesjane, der det er fleire flotte badeplassar med sittebenkar og flott utsikt.

Om vi følgjer hovudstien vidare går vi gjennom eit område med verna edellauvskog og mykje gamal furuskog, og kjem fram til Kvernesvatnet (3). Her kan vi ta ein liten avstikkar bort til vatnet om ein vil bada eller kvila seg på ein av dei utskorne trebenkane. Her er fritt fiske, om ein vil prøva fiskelukka.

Vidare på hovudstien kjem vi etter 4-500 meter til eit punkt der stien deler seg. Stien til venstre fører etter omlag 500 meter fram til Hellenauet (4), medan den andre går til Skutevika (5).

Vegen mot Hellenauet var den fyrste offentlege vegen som vart bygd i Samnanger. Den vart kalla «prestavegen» og gjekk frå Hellenauet til kyrkja på Ådland. Denne vegen vart bygd slik at presten skulle koma fram når det var utrygg is på fjorden. Hovudtraseen for turstien til Kvernes følgjer i all hovudsak den gamle prestevegen.

Namnet Hellenauet kjem av at det frå gamalt har vore eit naust for større båtar her. Restane av det gamle nauset kan ein tydeleg sjå den dag i dag. Like ovanom Hellenauet er det laga til kvilebenk, plassert med flott utsikt over Samnangerfjorden, og mot Gaupholm og Tysse på andre sida.

Tek ein stien til Skutevika (5), kjem ein til ein flott badeplass. Her var det klebersteinsbrot i gamle dagar. Det ligg og ein gamal husmannsplass her, og tuftene av denne er framleis tydelege. I vika ser ein fleire store klebersteinar klare for utskipping. Dei vart forlete tidleg i dette århundre.

For å returnere til Ådland kyrkje, følg ein same vegen tilbake.

---

#### **Hugs:**

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### **Remember:**

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.